



Eit vakkert syn - på Ljosnes!

**Lupinane er eit vakkert forsommarinnslag, men no har dei teke så grundig overhand langs vegkantane og i hagane at Direktoratet vil vedta forbod mot dei, i alle fall trugar dei med det.**

**Her i bygda er dei førebels ikkje noko problem, vi har ikkje observert dei andre stader enn på Ljosnes så langt i år. Der kler dei skråningen mot den skarpe svingen og er ein pryd for landskapet.**

Andre stader er dei ikkje det - dei har overteke fullstendig og er uønska, Allereie i 2007 vart denne vegkantplanten som Statens Vegvesen har ansvaret for sett på svarteliste av artsdatbanken fordi han er uønska. Likevel vert det framleis seld frø på dei fleste hagesentra rundt om i landet.

Statens Naturoppsyn konstaterer at lupinen sprer seg raskt og i stort omfang og fortrenger andre artar. Dessutan er det svært problematisk å bli kvitt planten som i følge Naturoppsynet kan medføre ein stor risiko for vår natur hvis den får spre seg enda meir.

Men er det i det heile tatt mogeleg å bli kvitt han? Og bør vi forby det vakre?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen